

**Fra:** kultur@hfk.no

**Sendt:** 01.10.2015 11:09:23

**Til:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

**Kopi:**

**Emne:** arkivnummer 2015/2774. søknad om stønad til ålmenne kulturformål

**Vedlegg:**

Prosjektnamn\_tiltak: Som å reisa i gamle dagar - dampbåt, damptog og veteranbuss

Søkjar: Stiftelsen D/S Stord I

Adresse: Postboks 1740 Nordnes

Postnummer: 5816

Stad: Bergen

Kontaktperson: Harald Kvinge

Organisasjonsnummer\_personnummer: 889955732

Kontonummer: 36243263292

Telefon: 90588708

Nettside: www.fjordabaaten.no

epost: harald.kvinge.@sklbb.no

Tiltaket\_omfattar: Heile landet,Heile Hordaland

Sjanger: Kulturarv

Dersom\_anna: Reisetilbod

Samlede\_utgifter: 120000

Paarekna\_inntekter: 90000

Soknadssum\_fra\_HFK: 30000

Samandrag\_presentasjon: Det vert vist til Hordaland fylkeskommune sine ålmenne kulturmidlar som har søknadsfrist 1. oktober 2015.

Denne søknaden gjeld eit prøveprosjekt som er eit samarbeid mellom Stiftelsen D/S Stord I, Gamle Vossabanen og Bergen

Veteranvogklubb. Prosjektet har arbeidstittel: «Som å reisa i gamle dagar» og reisa går slik:

Damprutebåten «Stord I» av 1913 går frå Holbergskaien til Garnes, damplokomotiv av 19xx går frå Garnes til Midttun og veteranbuss går frå Midttun til Holbergskaien. Reisa kan også gå den andre vegen; tur/retur. I sesongen, medio juni til medio august, kan setjast opp rundturar tre søndagar.

Denne rundreisa vil vera ei kulturminneoppleving i særklasse! Og tanken er at dette skal vera opne turar for ålmenta.

D/S Stord I, Gamle Vossabanen og veteranbussane vert drivne av entusiastar på dugnadsbasis. Men likevel er det utgifter knytt til vedlikehald og drift av båt, bane og buss. Annonsering er også ei stor utgift i samband med opne turar. Særleg D/S Stord I har høge driftskostnader og det knyter seg difor stor økonomisk risiko til opne turar med dette skipet.

Dei reisande må sjølvsagt løysa billett. Anten vaksenbillett eller barnebillett. D/S Stord I har passasjersertifikat for 99 passasjerar.

Kor store billettinntektene blir på ein tur er avhengig av talet passasjerar og fordelinga på vaksen og barnebillett.

Stiftelsen D/S Stord I søker om kr. 10 000 pr. rundtur, sum kr. 30 000 for sesongen 2016.

Gamle Vossabanen og veteranbussane reknar med å dekkja sine utgifter med vanlege billettinntekter.

For sesongplanlegginga 2016 vil det vera ein stor føremun å få tilsegn om tilskot ved denne søknadsfristen.

Finansieringsplan: D/S Stord I:

Kostnader 3 seglingar tur/retur Holbergskaien - Garnes, 5 timar a kr. 8000,00 x3 = kr. 120 000,00

Billettinntekter:6 turar a 75 passasjerar a kr. 200,00 = kr. 90 000,00.

Passasjertalet er eit anslag der det er teke omsyn også til at ein del passasjerar vil vera barn.

Fylkestilskot kr. 30 000,00.

Tiltaket\_gjeld: Frivillig verksemd

Type\_søkjar: Stifting\_Ideelt AS

Form: Anna

Ytterlegare\_dokumentasjon\_vedlegg: Nei